



Torgeir Andvik
Vikanerivegen 66
5994 VIKANES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6260 - 23/41091

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Førebels svar på dykkar e-post av 23.05.2023 i høve konsesjonsak på gnr. 219, bnr. 1 Vike.

Vi syner til dykkar e-post av 23.05.2023 der du ber om attendemelding på kva kommunen vil gjere i konsesjonssak som gjeld gnr. 219, bnr. 1 Vike. Vidare syner vi til e-post av 05.05.2023 der du mellom anna skriv at det «er ingen grunn til ikkje å setje inn tiltak umiddelbart».

Til fyrste spørsmålet er det for tidleg å svare på utover at kommunen skal handtere saka i tråd med gjeldande lovverk.

Når det gjeld tidsråme for saka, er dette uråd å svare på nett no. Landbruksavdelinga i kommunen er for tida under sterkt press med tanke på ressursar. Dette har vart over ei tid og det ligg an til å halde fram slik.

Vi har slik sett for tida mange andre saker som ligg på vent og som òg krev svar.

Sakshandsamar er fyrst siste dagane gjort kjent med denne dels omfattande saka og treng tid til å få oversyn og deretter vurdere saka. Dette etter å mellom anna ha sett seg inn i gjeldane regelverk.

Vi har forståing for at du ynskjer avklaring med det fyrste, men med tanke på det ovanfor nemnte vil det kunne ta noko tid før vi får gjort noko i denne saka.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Torgeir Andvik

Vikanesvegen 66

5994 VIKANES